

Årsmelding for Kvalitetsutvalet i Helse Førde 2017

Innhold:

1. Samandrag
2. Om Kvalitetsutvalet
3. Arbeid og saksmengde
4. Særskild omtale av enkeltsaker
 - a. Kvalitetskonferansen
 - b. Kvalitetsprisen
 - c. Lytteposten
 - d. Pasienttryggleiksprogrammet
 - e. Internrevisjonar
5. Økonomi
6. Evaluering av 2017

1. Samandrag

Kvalitetsutvalet (KU) har som hovudoppgåve å vere pådrivar for kvalitetsforbetrande tiltak, måling av kvalitet, oppfølging og utvikling av kvalitet, samt medverke til å førebyggje kvalitetssvikt i tenesta. Denne årsmeldinga fortel om arbeidet som har vore gjort i utvalet i 2017, med informasjon om kva saker som har vore til behandling og kva tema det var vore sett særskilt fokus på dette året.

2. Om Kvalitetsutvalet

Medlemer:

Rolle	Namn	Tittel
Leiar	Jon Bolstad	Administrerande direktør t.o.m. april
Leiar	Børge Tvedt	Klin.dir. t.o.m. april, konst.adm.dir. f.o.m. juni
Medlem	Vidar Vie	Viseadministrerande direktør t.o.m. februar
Medlem	Anne Kristin Kleiven	Utv.direktør, kst. viseadm.dir. f.o.m. juni
Medlem	Kristine Brix Longfellow	Fagdirektør
Medlem	Helge Robert Midtbø	Klin.dir.kir. t.o.m. april, dir. drift f.o.m. juni
Medlem	Olav Hesjedal	Klinikkdirektør medisinsk klinikk
Medlem	Trine Vingsnes	Klinikkdirektør kirurgisk klinikk f.o.m. juni
Medlem	Svein Ove Alisøy	Konst.klin.dir. psyk.helsevern f.o.m. juni
Medlem	Arne Skjelten	Direktør HR- avdelinga
Medlem	Kjell Inge Solhaug	Direktør drifts- og egedomsavd. t.o.m. april
Medlem	Kari Holvik Furevik	Seksjonsleiar smittevern
Medlem	Tone Holvik	Stadleg leiar Nordfjord sjukehus
Medlem	Margun Thue	Stadleg leiar Lærdal sjukehus
Medlem	Wenche Kristin Røkenes	Føretakstillitsvald
Medlem	Berit Hornnes	Føretakshovudverneombod
Medlem	Oddveig Birkeland	Brukarrepresentant t.o.m. februar
Medlem	Gerd Torkildson	Brukarrepresentant f.o.m. april, vara før april
Medlem	Halfdan Brandtzæg	Økonomidirektør – møterett
Medlem	Terje Ulvedal	Kommunikasjonssjef – møterett
Varamedlem	Åshild Helleset	Brukarrepresentant f.o.m. april

Seksjon kvalitet og pasienttryggleik stiller med sekretær i utvalet. I 2017 var dette Irene Barmen Hoel.

Etter Spesialisthelsetenestelova § 3-4, er kvalitetsutvalet eit organ som skal sørge for at verksemda arbeider systematisk for kvalitetsforbetring og pasienttryggleik. Lova seier og at verksemda har ein plikt til å planleggje, gjennomføre, evaluere og korrigere verksemda slik at tenestene er i samsvar med lov og forskrift. Utvalet skal sjå til at dette blir gjort.

Mandatet for KU ligg som dokument i Kvalitetshandboka, og skildrar samansetjing, møtefrekvens og oppgåver. Brukarrepresentanten syter for at brukarperspektivet kjem fram i sakene som vert drøfta.

Kvalitetsutvalet har fem møter i året, tre på våren og to på hausten. Kvart møte varer to timar. Saklista er delt opp slik: Dagens tema, saker til drøfting og vedtak, informasjonssaker og til sist rapport saker. Dagens tema skal vere ein vesentleg del av møtet.

3. Arbeid og saksmengde

Dagens tema i Kvalitetsutvalet har i 2017 vore desse:

- Februar: «God kvalitet i akuttmottak» ved avdelingssjef Trine Vingsnes, med fokus på liggetid, overlegenærvar og rett bruk av antibiotika.
- April: «Glimt frå kvalitetsarbeid i organisasjonen» ved seksjonsleiar Kari Furevik. Ho presenterte arbeid innan smittevern med prevalens, insidens og stikkskader.
- Juni: «Pasient- og brukarombodet» ved POBO Lisa Førde Refsnes. Ho hadde fokus på bruk av synonympreparat, pasientreiser, bruk av studentar og teieplikt.
- September: «Helseatlas» ved seniorrådgjevar Marte Bale. Ho viste variasjon av helsetenestene mellom geografiske regionar.
- November: «Antibiotikastyringsprogrammet» ved seniorrådgjevar Hans Johan Breidablik. Målet er ein kraftig reduksjon i bruk av breispektra antibiotika.

Satsingsområde for Helse Førde i høve pasienttryggleik i 2017 var «legemiddeltryggleik med vekt på samstemming av legemiddel og antibiotikabruk».

Kvalitetsutvalet har drøfta og gjort vedtak i desse sakene i løpet av året 2017:

- Pasienttryggleiksprogrammet
- Revisjon av mandatet for Pasienttryggingsutvalet
- Utlysing av Kvalitetsprisen, og val av medlem til juryen
- Revisjon av vedtekter for Kvalitetsprisen
- Val av satsingsområde for pasienttryggleik
- Val av Dagens tema i KU
- Årsmelding for Kvalitetsutvalet 2016
- Statistikk frå NPE
- Kvalitetskonferansen 2017
- Plan for internrevisjon 2018
- Kvalitetsindikatorar
- Utarbeiding av nytt kvalitetsstyringssystem

Kvalitetsutvalet har i tillegg fått informasjon om desse sakene i løpet av året:

- Pakkeforløp i Psykisk helsevern
- Program for Kvalitetskonferansen
- Rapport etter smitteutbrot i sengepost

- Medarbeidarundersøking
- Medisinromsansvarlege og medisinskapsansvarlege
- Årsrapportar frå Klinisk etikk komité (KEK), Lytteposten, Barn som pårørende og Pasienttryggingsutvalet
- Rapport om stikkskader
- «Frykten for å feile» – som helsepersonell
- Tilsynsrapport om Ida/glassjente-saka
- Rapport frå Kvalitetskonferansen i Helse Vest
- Rapport frå avvikssystemet Synergi
- Vedtak frå Norsk pasientskadeerstatning (NPE)
- Journal og innsynslogg på nett
- Internrevisjonar
- Referat frå møter i pasienttryggingsutvalet, utval for koordinering av fagprosedyrar, legemiddelkomiteen og brukarutvalet

4. Særskild omtale av enkeltsaker

a. Kvalitetskonferansen vart arrangert 19. oktober i Førdehuset. Om lag 380 tilsette møtte fram. Temaet for konferansen var: Kvalitet og risiko i helsetenesta. Eksterne føredrags-haldarar var dr. Frank Weber med emnet «Korleis vurderer vi risiko og kvifor gjer vi feil?», dr. Erik Fosse hadde emnet: «Teknologien styrker og utfordrar helsetenestene», adm.dir. i Helse Stavanger Inger Cathrine Bryne snakka om «Kvalitets-leiing». Adm.dir. Børge Tvedt hadde innlegg om «Risiko i helsetenesta», medan fagdirektør Kristine B. Longfellow fortalde om «Klage- og avvikssaker – risikovurdering i etterpåklokskapens lys». Pasient- og brukar-ombod Lisa Førde Refsnes hadde emnet «Når brukarane reagerer negativt. Erfaringar frå Helse Førde».

b. Kvalitetsprisen vart delt ut på Kvalitetskonferansen. Juryen var samansett av ein brukar-representant, fagdirektør, ein klinikkdirektør, og ein kommunerepresentant. Vinnarar av kvalitetsprisen i 2017 var Kirsten Lerum Indrebø. Ho fekk prisen for eit langvarig arbeid for oppfølging av stomiopererte. Prisen var eit kunstverk og kr. 40.000, samt blomster og diplom.

c. Lytteposten vart starta opp i 2014. Brukarane melder tilbake både på telefon og e-post. Det er ein auke i talet saker frå 2016. I 2016 var det 57 saker, i 2017 var det 81 saker. Flest positive tilbakemeldingar kom også i år til ortopedisk avdeling ved Lærdal sjukehus.

d. Pasienttryggleiksprogrammet

Kvalitetsutvalet har følgd program for pasienttryggleik tett gjennom jamleg statusrapporteringar på framdrift og resultat i implementeringa av dei ulike tiltaka. I tillegg har GTT (Global Trigger Tool) resultatata for 2016 vore presentert og diskutert. Programmet har hatt særleg fokus på framhald av arbeidet med implementering av alle tiltaka, både regionale og nasjonale.

e. Internrevisjonar

Kvalitetsutvalet vedtek kvart år ein plan for kva internrevisjonar som skal utførast. Ut frå vedteken plan i KU for Internrevisjon i 2017, vart det gjennomført følgjande interne revisjonar:

- Miljøstyringssystemet / «Grønt sjukehus» (3 revisjonar)
- HR/HMS / Miljøaspekt i høve «Grønt sjukehus» (3 revisjonar)

- Oppnemning av kontaktlege, koordinator og bruk av individuell plan (3 revisjonar)
- Legemiddelhandteringa i avdelingane (3 revisjonar)
- Transfusjon av blod og blodkomponentar, og identifisering av pasient (2 revisjonar)
- Smittevern (4 revisjonar)
- Mikrobiologisk avd./blodbanken: interne prosedyrar (1 revisjon)

5. Økonomi

Kvalitetsutvalet har ikkje eit eige budsjett. Utgifter til Kvalitetskonferansen blei delt mellom klinikkane. Utgifter til Kvalitetsprisen blei dekkja frå administrasjonen sin konto.

6. Evaluering av året som har gått

Helse Førde har hatt eit spesielt år bak seg med skifte av administrerande direktør og ekstra mange prosjekt på gang som har som mål å betre kvaliteten på tenestene og utvikle framtida si helseteneste. Fleire av desse prosjekta har blitt presentert i KU. KU opplever å ha oversikt over mykje av det som skjer av kvalitetsarbeid, og ser at veldig mange tilsette er proaktive for å heve kvaliteten på tenestene for kvart år. Helse Førde ligg på topp på mange kvalitetsmålingar.